

# Partnerskapsavtale

## mellom

### Hordaland fylkeskommune og Destinasjonsselskapa i Hordaland

#### 1. Formål

Hordaland fylkeskommune og Destinasjonsselskapa skal samarbeide om å styrke det regionale næringsutviklingsarbeidet knytt til reiseliv og/eller sektorovergripande satsingar i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH) gjennom posten «Felles tiltak reiseliv».

#### 2. Målsettingar

Partnerskapsavtalen skal medvirke til å realisere fylkeskommunale mål og strategiar for næringsutvikling knytt til reiseliv slik dette er formulert i gjeldande regionale planar på området, med særleg vekt på innsatsområda i HNH. I dei årlege tildelingsbreva frå fylkeskommunen kan dette bli nærare presisert.

Partnerskapen skal også medverke til å løfte reiselivstilboda i Hordaland og gjere desse meir synleg.

#### 3. Destinasjonsselskapa sine oppgåver og bidrag i partnerskapen

Destinasjonsselskapa skal som ein del av sitt virke:

- I fellesskap finne gode løysingar på felles utfordringar for å unngå dobbeltarbeid og for å hente ut læringseffekt
- Delta aktivt i Forum Reiseliv og leie Destinasjonsgruppa
- Leggje til rette for styrking av nettverk og auke av kompetanse for bedriftene i eigen region, og rekruttere bedrifter til utviklingsprosjekt
- Bidra til å synleggjere Hordaland som reisemål nasjonalt, særleg gjennom digital marknadsføring
- Være ein ressurs for destinasjonsselskapa slik at moglegeheiter desse elles ikkje ville hatt høve til å prioritere, kan bli vurdert.
- Det skal leggjast fram ein handlingsplan som viser korleis midlane blir nytta

#### 4. Fylkeskommunen sine oppgåver og bidrag i partnerskapen

Som delvis finansiering av oppgåvene nemnt under punkt 3 skal fylkeskommunen yte eit årleg økonomisk bidrag. Dei fylkeskommunale partnerskapsmidlane skal utbetalast innan 1. april kvart år, men ikkje før rapporten for året før ligg føre og er godkjent (sjå punkt 6). Partnerskapsmidlane er ikkje til hinder for at Destinasjonsselskapa kan søke prosjektfinansiering til konkrete utviklingsprosjekt.

Fylkeskommunen deltek på administrativt og/eller politisk nivå i aktivitetar og prosjekt som partnaren er ansvarleg for etter nærare avtale.

Der kor det er naturleg, skal fylkeskommunen medverke til at partnar kan dra nytte av dei ressursane og den kompetansen som fylkeskommunen sjølv, og fylkeskommunen sine andre samarbeidspartnarar rår over.

#### 5. Organisering av arbeidet

Det blir lagt til grunn at arbeidet blir gjort i nært samarbeid med administrativ leiing i fylkeskommunen. Arbeidet skal også koordinerast med tiltak starta i regi av Destinasjonsgruppa slik at ein kan hente erfaring

frå tilsvarande satsingar og unngår dobbeltarbeid. Ut over dette er det opp til partnar å avgjere kven dei vil samarbeide med og korleis dei vil organisera og drive arbeidet.

## 6. Rapportering

Fortløpande rapportering og dialog skjer gjennom regelmessige møte mellom partnar og fylkeskommunen, likevel minst 2 gonger pr år.

Innan 1. mars kvart år skal Destinasjonsselskapa sende ein kortfatta rapport til fylkeskommunen. Det skal rapporterast på gjennomførte tiltak og oppnådde resultat i høve til oppgåvene nemnt under punkt 3 og til dei mål og krav som blir sett i dei årlege tildelingsbrevva frå fylkeskommunen. Rapporten skal gje ei kort oppsummering av bruken av partnarsskapsmidlane i høve i aktivitet og gjennomførte tiltak.

I tillegg skal Destinasjonsselskapa også sende årsmeldinga og revisorattestert årsrekneskap til fylkeskommunen så snart dette ligg føre.

## 7. Tidslengd, beløp, oppseiing og innsyn

Denne avtalen gjeld for perioden 2015 - 2017 med eit årleg partnarsskapsbidrag på kr 800.000,-

Det årlege partnarsskapsbidraget frå fylkeskommunen kan bli justert som følge av den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følge av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane. Større endringar i dei fylkeskommunale rammene for ordninga gir Destinasjonsselskapa rett til å seie opp avtalen.

Større endringar i organisering, eigarskap eller overordna strategi for Destinasjonsselskapa gir fylkeskommunen rett til å reforhandle eller seie opp partnarsskapsavtalen.

Ved misleghald kan begge parter seie opp avtalen med 1 månads varsel.

Dersom Destinasjonsselskapa misligheld avtalen, kan fylkeskommunen krevje heile, eller deler av, partnarsskapsmidlane tilbakebetalt.

Fylkeskommunen eller fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskottet blir helde. Destinasjonsselskapa plikter å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om.

Bergen 08. april 2015

For Hordaland fylkeskommune

.....  
Bård Sandal  
Fylkesdirektør regional utvikling

For Destinasjonsselskapa i Hordaland

.....  
Ole Warberg  
Reiselivsdirektør Bergen Reiselivslag

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*